Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	937 893 922
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	Valle Sparebank
Forretningsadresse:	Nordibøvegen 143 4747 VALLE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Elisabeth Slettedal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	27.03.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.07.2025

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kredittinstitusjonar og fi		3 280 000	2 383 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar		111 570 000	91 397 000
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir		10 906 000	8 943 000
		1 305 000	534 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter		**127 061 000**	**103 257 000**
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonar og finansierings		8 116 000	5 602 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		55 496 000	41 469 000
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på utskrivne verdipapir		3 617 000	2 649 000
Øvrige rentekostnader		1 361 000	1 474 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader		**68 590 000**	**51 194 000**
Netto renteinntekter	18	**58 471 000**	**52 063 000**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		13 837 000	11 637 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1 781 000	1 452 000
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument		2 160 000	2 825 000
Sum utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		**2 160 000**	**2 825 000**
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på renteberande verdipapir		346 000	0
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument		606 000	927 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		94 000	118 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle		**1 046 000**	**1 045 000**

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
instrument			
Andre driftsinntekter		193 000	169 000
Lønn og andre personalkostnader	21	18 717 000	16 441 000
Andre driftskostnader	22	**18 631 000**	**18 761 000**
Av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivingar	30	1 054 000	1 069 000
Vinst/tap			503 000
Sum av-/nedskrivingar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar		**-1 054 000**	**-566 000**
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekt		183 000	19 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	11	**183 000**	**19 000**
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		**35 341 000**	**30 500 000**
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	23	8 629 000	7 046 000
Resultat etter skatt frå videreført verksemd		**26 712 000**	**23 454 000**
Resultat før andre inntekter og kostnader		**26 712 000**	**23 454 000**
Andre inntekter og kostnader			
Andre inntekter og kostnader knytta til investeringer i eigenkapitalinstrument	25	-2 703 000	3 785 000
Sum andre inntekter og kostnader		**-2 703 000**	**3 785 000**
Totalresultat for rekneskapsåret		**24 009 000**	**27 239 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar	24 - 25	25 401 000	23 448 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	24 - 25	93 444 000	88 995 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak		**93 444 000**	**88 995 000**
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til amortisert kost	6-11,24-25	1 858 594 000	1 853 150 000
Sum utlån og krav på kundar		**1 858 594 000**	**1 853 150 000**
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi	26	204 421 000	197 540 000
Sum renteberande verdipapir		**204 421 000**	**197 540 000**
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	27-28	142 931 000	128 342 000
Investeringseigedom			
Investeringseigedom	30	7 730 000	4 998 000
Varige driftsmiddel			
Eigarnytta eigedom		5 308 000	4 994 000
Andre varige driftsmiddel		3 466 000	3 598 000
Sum varige driftsmiddel	30	**8 774 000**	**8 592 000**
Andre eigedelar			
Eigedelar ved utsett skatt	23	29 000	492 000
Andre eigedelar	31	2 125 000	3 188 000
Sum andre eigedelar		**2 154 000**	**3 680 000**
SUM EIGEDELAR		**2 343 449 000**	**2 308 745 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	32	105 543 000	140 952 000
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak		**105 543 000**	**140 952 000**
Innskot og andre innlån kundar			
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost	33	1 811 616 000	1 797 386 000
Sum innskot og andre innlån frå kundar		**1 811 616 000**	**1 797 386 000**
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost	34	85 276 000	50 166 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir		**85 276 000**	**50 166 000**
Finansielle derivat			
Anna gjeld			
Anna gjeld	35	5 123 000	7 002 000
Avsetjingar			
Pliktar ved periodeskatt	23	8 954 000	6 945 000
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar	6, 10-11	193 000	93 000
Andre avsetjingar			1 890 000
Sum avsetjingar		**9 147 000**	**8 928 000**
Ansvarleg lånekapital			
Sum ansvarleg lånekapital		**0**	**0**
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		**0**	**0**
Sum gjeld		**2 016 705 000**	**2 004 434 000**
EIGENKAPITAL			

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Sum innskoten eigenkapital		**0**	**0**
Opptent eigenkapital			
Fond for urealiserte vinster		27 716 000	30 471 000
Sparebanken sine fond		292 730 000	267 966 000
Gåvefond		6 298 000	5 874 000
Sum opptent eigenkapital		**326 744 000**	**304 311 000**
Sum eigenkapital		**326 744 000**	**304 311 000**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**2 343 449 000**	**2 308 745 000**


ELDING OG REKNESKAP 2024
159. forretningsår

INNHALD

Årsmelding 2024 3
Resultatrekneskap 12
Balanse..... 13
Eigenkapital oppstilling 14
Nøkkeltal 14
Kontantstraumoppstilling 15
Desse styrer banken.....16
Noter til rekneskapet 18
Revisors beretning 50

ÅRSMELDING 2024

FORRETNINGS- OG MARKNADSTILHØVE FOR VALLE SPAREBANK

Valle Sparebank – etablert i 1866, er ein frittståande og sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Agder. Hovudkontoret ligg i Valle sentrum og banken har to avdelingskontor, eitt i Markensgate 2A i Kristiansand og eitt på Hunsøya Næringspark i Vennesla. Avdelingskontoret i Kristiansand vart etablert i januar 2006, og avdelingskontoret i Vennesla vart etablert i 2017.

Valle Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS og ein del av Eika Alliansen, som ved årsskiftet bestod av 46 sjølvstendige lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Med ein samla forvaltningskapital på over 500 milliardar kroner og 3500 tilsette, er Eika Alliansen ein av dei største og viktigaste aktørane i den norske bankmarknaden.

Valle Sparebank driv i hovudsak ei tradisjonell moderne bankverksemd. Banken har eit fullverdig tilbod til privat- og bedriftskundar. Banken er stolt av si historie, og oppteken av å bidra til vekst og utvikling av lokalsamfunnet.

Banken si primære kundegruppe er personkundar, og då særleg i Setesdal, Vennesla og Kristiansandsregionen. Sjølv om mange kundar bur utanfor Setesdal, er dette ofte kundar med ei eller anna tilknyting til Valle eller Setesdal. Innan Valle kommune har banken ein heilt dominerande marknadsposisjon, og innan Bykle kommune er også marknadsposisjonen sterk.

I tillegg til personmarknaden representerer det lokale næringslivet, offentleg sektor og lag og organisasjonar i øvre Setesdal viktige kundegrupper for banken.

Folketalsutviklinga i marknadsområda til banken varierer ein del. I Valle var 1213 personar heimehøyrande pr. 3. kvartal 2024, mot 1205 på same tidspunktet i 2023. Samla folketal i det banken definerer som satsingsområde på personkundemarknaden er om lag 135 000.

Ved utgangen av juli 2024 var det 0,6% arbeidsledige i Valle kommune, tilsvarande tal for Agder er 2,1%.

Valle Sparebank har i fleire år gjennomført ei omfattande marknadsundersøking blant banken sine kundar. Undersøkinga syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar, og resultata er blant dei beste bankane i landet.
Servicenivået og den personlege kontakta er område banken skårar høgt på i undersøkingane.

Drifta av banken er lagt opp til at ho skal vere kostnadseffektiv, fleksibel, kundeorientert og med stor grad av personleg service. Risikoprofilen skal vere låg til moderat. Samstundes bør innteninga vere tilstrekkeleg til å sikre at banken held på den finansielle styrken som har vorte bygd opp gjennom tidene.

Alliansebankane styrker lokalsamfunnet

Dei 46 lokalbankane i Eika Alliansen betener 930.000 personkundar og 80.000 bedriftskundar gjennom nærare 200 bankkontor i over 120 kommunar. Bankane har kompetente og autoriserte rådgjevarar med personleg engasjement for sine kundar og lokalsamfunn. Med effektive rådgjevarløysingar og gode kundeløysingar i den digitale kvardagsbanken, får kundane i ein Eika-bank ei unik kundeoppleving. Deira lokale tilstedeværelse og denne samla kundeopplevinga er lokalbankane sitt viktigaste konkurransefortrinn, noko som har resultert i nokre av landets mest tilfredse kundar både i person- og bedriftsmarknaden. Alliansebankane bidreg til økonomisk vekst og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv over heile Noreg.

Eika styrker lokalbankane

Eikas kjerneverksemd er å sikre alliansebankane moderne, kostnadseffektiv og sikker bankdrift gjennom gode produkt- og tenesteleveransar. Dette inkluderer ei komplett kjernebankløysing frå Tietoevry og annan bankinfrastruktur med dei beste løysingane for både bankane sine tilsette og kundar. Eika har eit høgt kompetent miljø for utvikling og drift av digitale bank- og kundeløysingar, som i stor grad bidreg til bankane si konkurransekraft. Bankane prioriterer løysingane som skal utviklast, noko som bidreg til ei god kundeoppleving, høg tryggleik og effektiv bankdrift, tilpassa stadig strengare regulatoriske krav.

Gjennom Eika får bankane og deira kundar tilgang til eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevjande tenester. Dette inkluderer forsikringsprodukt, kort- og smålånsprodukt, samt spareprodukt i fond.

I 2024 fusjonerte Eika Forsikring med Fremtind Forsikring, og Eika Kredittbank fusjonerte med Sparebank1 Kreditt, som blei Kredittbanken AS. Desse samanslåingane styrker selskapa si konkurransekraft og bidreg til å styrke lokalbankane. Valle Sparebank er medeigar og distributør av produkt frå både Kredittbanken AS og Fremtind Forsikring, som leverer eit breitt spekter av forsikringsprodukt.

Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar lokalbankane betre kundeservice gjennom auka tilgjengelegheit og effektiv kommunikasjon. I tillegg tilbyr Eika kompetanseutvikling og opplæring gjennom Eika Skolen, verksemdstyring med Eika Virksomhetsstyring, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice, samt ei rekkje andre tenester innan berekraft, næringspolitikk, kommunikasjon, marknad og merkevare. Alt for å ivareta lokalbankane sine ulike behov.

Eika Boligkreditt sikrar lokalbankane langsiktig og stabil finansiering

Eika Boligkreditt er lokalbankane sitt bustadkredittføretak, direkte eigd av drygt 50 sjølvstendige norske lokalbankar. Eika Boligkreditts hovudformål er å sikre lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har løyve til å finansiere si utlånsverksemd ved utferding av internasjonalt rangerte obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Dette gir Eika Boligkreditt moglegheit til å ta opp lån i den norske og internasjonale finansmarknaden, og til ei kvar tid søkje finansiering der ein oppnår marknadens beste vilkår. Gjennom Eika Boligkreditt får eigarbankane tilgang til langsiktig og gunstig finansiering, og kan oppretthalde konkurransekrafta mot større norske og internasjonale bankar.

Eika Boligkreditt har ved utgangen av tredje kvartal 2024 ein forvaltningskapital på om lag 125 milliardar kroner og står dermed for ein betydeleg del av eigarbankane si eksternfinansiering.

ØKONOMISK UTVIKLING OG RAMMEVILKÅR FOR SPAREBANKANE

Etter år prega av pandemi og krig var 2024 eit normalår med moderat vekst i økonomien, fallande inflasjon, betring i kjøpekrafta for folk flest, og så vidt låg arbeidsløyse at det var vanskeleg for Noregs Bank å gjere noko med renta. Og normale år for økonomien med høge renter gir gode bankår. 2024 ga mange bankar rekordresultat, dette gjeld også for Valle Sparebank.

BNP for Fastlands-Noreg auka med om lag eitt prosentpoeng i løpet av fjoråret. Dette er berre litt under trendveksten for norsk økonomi. Derfor blei det berre ein marginal auke i arbeidsløysa frå 1,8 prosent i 2023, til 2,0 prosent i 2024. Talet på konkursar steig med 5 prosent frå 2023 til 2024, ifølgje Fair Group. Ein fjerdedel av konkursane kom i bygg- og anleggssektoren. Dette er utviklingstrekk som truleg vil vedvare gjennom 2025.

Konsumprisindeksen steig med 3,1 prosent, med 3,7 prosent vekst i kjerneinflasjonen. I løpet av året fall inflasjonstakten og i desember var deira 12-mnd rate høvesvis 2,2 og 2,8 prosent. Med ein lønsvekst på 5,2 prosent så blei 2024 eit år med unormalt sterk 2 prosent vekst i hushalda si kjøpekraft.

Noregs Bank heldt sin foliorente uendra på 4,5 prosent gjennom fjoråret. Men pengemarknadsrenta har falle med ein tidel takka vere god likviditet i banksektoren og forventningar om rentekutt i mars 2025. God vekst i kjøpekraft, tru på at rentetoppen er passert, og låg bustadbygging bidrog til ein vekst i bustadprisane på 2,7 prosent.

Valutamarknaden var uroleg med ein gjennomgåande svært sterk dollar, men for gjennomsnittet av våre importvalutaer, målt ved I-44 indeksen, enda vi berre med ein moderat svekking for året som heilskap (-0,8 prosent). Kredittveksten var svak gjennom året, men ser ut til å ha teke seg noko opp i hushaldssektoren mot slutten av året (+3,9 pst som 12-månaders vekst i november). Ikkje-finansielle føretak har framleis svært svak kredittvekst (+1,9), medan kommunane har måtte bøte på sine svake finansar med sterk vekst i sine låneopptak (+7,6).

Utsiktene for bankane i 2025 må reknast som lyse, men er som alltid avhengige av utanlandske forhold som Noreg ikkje rår med. Også i 2025 ventast kjøpekrafta i hushalda å stige, rentene kome litt ned, og bustadprisane å auke i heile landet. BNP-vekst antas å halde seg høg nok til at arbeidsløysa ikkje stig vidare. Konjunkturbarometeret for industrien viser i 4. kvartal 2024 den sterkaste optimismen for framtida sidan 2019.

BALANSE - UTVIKLING

Banken har i 2024 hatt ein auke i forvaltningskapitalen på 34,7 mill. kr. Dette er ein auke på 1,5 % i høve til året før. Forvaltningskapitalen er pr. 31.12.2024 på 2 343,4 mill. kr. Tek ein med bustadlån gjennom Eika Boligkreditt, forvaltar banken eit volum på 3 216 mill. kr pr. 31.12.2024, mot 3 092 mill. kr pr 31.12.2023.

Utlånsveksten er på 5,1 mill. kr eller 0,27 %, og samla brutto utlån er på 1 863,7 mill. kr. I tillegg har banken formidla lån til Eika Boligkreditt på til saman 872 mill. kr. Samla utlånsvekst, inklusive veksten i Eika Boligkreditt, utgjer 3,57 % i 2024.

Utlånsvekst



Det har vore ein auke i innskota på 14,2 mill. kr, eller 0,79 %, slik at samla innskot no er på 1 811,6 mill. kr. Dette gjev ei innskotsdekning på 97,2 %, mot 96,7 % året før. For å finansiere utlån utover innskotsnivået har banken teke opp lån i pengemarknaden.

Utvikling innskot 2020-2024



DRIFTSRESULTAT – NØKKELTAL

Resultat før skatt syner eit overskot på 35,3 mill. kr, mot eit overskot på 30,5 mill. kr til same tid i fjor. Skattekostnaden etter rekneskapen er 8,6 mill. kr.

Resultat av ordinær drift etter skatt syner eit overskot på 26,7 mill. kr. Totalresultat etter skatt og verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi, syner eit overskot på 24 mill. kr. Til samanlikning synte resultatet av ordinær drift etter skatt eit overskot på 23,5 mill. kr og totalresultatet 27,2 mill. kr til same tid i fjor.

Styret vil gjere framlegg om at resultatet vert disponert slik:

Kr. 24,8 mill. overført sparebanken sitt fond
Kr. 2 mill. overført gåvefondet
Kr. 2,8 mill. redusert fond for urealiserte gevinstar

Samla eigenkapitalen utgjer 326,7 mill. kr, netto ansvarleg kapital utgjer 320,5 mill. kr, dette gjev ei kapitaldekning på 29,28 % før konsolidering. Kapitaldekning etter konsolidering er 24,21 %. Tilsvarande tal for 2023 var 23,4 % og 22,77 %. Bankens soliditet er god, og ansvarleg kapital består av rein kjernekapital.

Valle Sparebank deltek i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (0,51 %) og Eika Boligkreditt (0,80 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandelar i selskap som forholdsmessig vert konsolidert inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, til liks med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 som samsvarer med unntaksregelen i berekningsforskrifta § 18 bokstav c, som tilsvarar artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gjev ein auke i kapitaldekning på morbank-nivå. Prinsippendringa medfører inga endring for dei forholdsmessig konsoliderte tal. Historikken er ikkje omarbeida.

Rentenettoen har auka med 6,4 mill. kr samanlikna med 2023. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer dette 2,53 mot 2,33 i 2023.

Noregs Bank har halde styringsrenta uendra gjennom heile 2024 og banken har heller ikkje justert renta i 2024.

Provisjonsinntektene auka med 2,2 mill. kr, medan utbytte frå verdipapir i 2024 var på 2,2 mill. kr, mot 2,8 mill. kr året før, kor størstedelen kjem frå eigarskap i Eika Gruppen.

Sum driftskostnader er 2,6 mill. kr høgare i 2024 enn året før. Auken er i hovudsak knytt til auka lønskostnadar.

Det er tapsført kr 183.000 på utlån i rekneskapen. I 2023 vart det tapsført kr 19.000.

Utover dette har det ikkje vore hendingar i rekneskapsåret som har påverka resultatet særskild. Det har heller ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som er viktige for resultatrekneskapen.

Styret er godt nøgd med resultatet av drifta i 2024. Styret kan stadfeste at alle føresetnader for drift av banken i komande år er til stades.

Det er elles ikkje knytt vesentlege usikre faktorar til årsrekneskapen, som påverkar bedømminga av rekneskapen.

RISIKOSTYRING OG KONTROLL

Generelt om risikostyring og kontroll i verksemda

Bankverksemda inneber risiko. Styret i Valle Sparebank har vedteke prinsippa for banken si risikostyring i form av overordna policydokument og områdepolicyar for ulike risikoområde. Styret legg vekt på å ha ei aktiv oppfølging av prinsippa, og reviderer desse årleg. For bankverksemda samla kan banken akseptere låg til moderat risiko, medan risikonivået kan variere mellom ulike risikoområde.

Styret gjennomfører årleg ICAAP-gjennomgang for å avdekke risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov i bankverksemda. Denne blir sendt inn til Finanstilsynet.

RSM Norge AS har sidan 2017 vore ekstern revisor.

Banken nyttar seg aktivt av Eika Virksomhetsstyring sine tenester i arbeidet med policydokument og verktøy til bruk i risikostyringa. Dei viktigaste risikoområda er omtala her.

Strategisk risiko

Strategisk risiko er risikoen banken er utsett for som konsekvens av strategiske val. Måloppnåinga i høve til økonomiske måltal i strategiplanen har til dels vore tilfredsstillande i 2024. Det blir regelmessig gjennomført marknadsundersøking som syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar. Også i 2024 viser undersøkinga svært høg tilfredsheit blant våre kundar. Tilstedeværelse i Kristiansand og Vennesla har stor betydning i høve til vekst av nye kundar.

For å sikre eige sjølvstende har banken valt å vere medeigar av Eika Gruppen AS. Valle Sparebank sin eigardel utgjer 0,51% av selskapet. Eika Gruppen AS syter for utføring av ein del fellesoppgåver og gjev banken tilgang til ei rekkje finansielle produkt. I tillegg har eigarskapet gjeve avkastning i form av eit årleg utbytte. Eika Gruppen AS er også eit viktig talerøyr for små sparebankar når det gjeld å påverke framtidige rammevilkår.

Styret vurderer den strategiske risikosituasjonen som tilfredsstillande.

Kredittrisiko

Kredittrisiko, dvs. risikoen for at ein kunde ikkje kan oppfylle sine skyldnader rettidig, er den største risikoen i banken. Dersom heller ikkje verdien av den underliggjande pantetrygda er tilstrekkeleg til å dekke kravet ved misleghald og eventuell realisasjon av pantet, vil tap oppstå.

Styret vurderer det slik at banken, no som før, må kunne take noko større risiko innan kommunen enn utanfor. Styret vurderer likevel denne risikoen som moderat. Lån og garantiar er rimeleg godt sikra mot tap. Det vert lagt stor vekt på kunden sin økonomi og den trygda som vert stilt.

93,08% av samla brutto utlån er lån til personkundar. Reknar ein med lån overført til Eika Boligkreditt AS er personkundedelen endå høgare; 95,28 %. Dette gjer at kredittrisikoen er spreidd og lite konsentrert. Banken har avsett 2,8 mill. kr på steg 3, og 2,3 mill. kr samla på steg 1 og steg 2. Rekneskapsmessig tapskostnad i 2024 er kr 183.000.

Banken har formidla bustadlån for i alt 872 mill. kr i Eika Boligkreditt AS, mot 783 mill. kr på same tid i fjor. Dette er lån innanfor 75 % av panteverdi og har såleis låg risiko. Om lag 33 % av personkundelåna i banken er overførte til Eika Boligkreditt AS, mot 31 % året før.

I 2024 har banken revidert kredittpolicyen og kreditthandboka.

Likviditetsrisiko
Likviditetsrisiko er også eit vesentleg risikoområde i banken, og gjeld den risikoen som banken har for å ikkje ha tilstrekkelege likvidar ved forfall av skyldnader. Valle Sparebank skal ha ein låg likviditetsrisiko.

Balansen mellom innskots- og utlånsvolum avgjer behovet for å låne inn frå pengemarknaden. Valle Sparebank har i løpet av 2024 hatt ei stabil og god innskotsdekning, det vil seie innskot i prosent av utlån. Innskotsdekninga var ved utgangen av året 97,2 % mot 96,7 % året før. Internt minimumskrav er fastsett til 85 %. Innlånsbehov utover kundeinnskota er dekka opp med lån frå Kredittforeningen for Sparebanker og obligasjonslån.

Innskot og lånerettar i Noregs Bank, trekkrettar i DNB utgjer saman med obligasjonsporteføljen den vesentlege delen av likviditetsbufferen. Pr. 31.12.2024 utgjorde trekkrettane i DNB 75 mill. kr. Det var pantsett verdipapir i Noregs Bank med ein samla låneverdi på 149 mill. kr. Samla obligasjonsportefølje og likvide rentefond utgjer på same tid 252 mill. kr. Innskot i Noregs Bank utgjer 23,1 mill. kr.

Bankens LCR (liquidity coverage ratio) rapporterast kvar månad til Finanstilsynet, dette nøkkeltalet synar likviditetsstraumen dei neste 30 dagane i ein stressituasjon. Minstekravet til LCR er 100, bankens minstekrav er 110.

Bankens LCR pr. 31.12.2024 var 223, mot 283 på same tidspunkt året før.

Stabil finansiering (NSFR) rapporterast kvartalsvis. Bankens minstekrav til NSFR er 110, pr. 31.12.2024 var NSFR på 146.

Den generelle likviditetsrisikoen er om lag uendra i løpet av året.

Status på likviditetsområdet vert rapportert til styret kvartalsvis i høve til gjeldande krav og rammer i likviditetspolicyen. Likviditetsrisikoen har vore låg heile året, i tråd med bankens risikopolicy.

Eika Boligkreditt vert framleis vurdert som eit viktig verktøy som kan avlaste banken sitt eksterne fundingbehov og gjere banken konkurransedyktig i kampen om personkundelån. Det er klargjort ein utlånsportefølje som kan flyttast til Eika Boligkreditt for raskt å få tilgang til likviditet i ein krisesituasjon.

I 2024 har banken som tidlegare år revidert likviditetspolicyen.

Renterisiko
Dersom rentereguleringstidspunktet på innskot og utlån ikkje er tilnærma samanfallande, kan dette gjeve negative utslag på innteninga i banken. Denne risikoen er liten sidan banken mest ikkje har innskot eller utlån til fastrente, og renta kan difor regulerast samtidig.

Lån som banken har teke opp i marknaden har som regel ulik bindingstid. Låna vert regulert 3. kvar månad. Renterisikoen er difor også her liten. Banken har ingen handelsportefølje med obligasjonar. Pliktige likviditetsplasseringar i obligasjonar har korte rentereguleringsintervall slik at renterisikoen her er liten. Renterisikoen på obligasjonsmassen er no slik at dersom det vert ei renteendring på 1,0 % i marknadsrenta, vil dette slå ut i ei kursendring på kr 325.000. Samla sett vurderast renterisikoen som låg.

Marknadsrisiko
Banken har i dag ingen portefølje av verdipapir for å utnytte svingingar i marknaden. Banken driv ingen handel med derivat eller valuta.

Banken har avtale med Eika Kapitalforvaltning om forvaltning av likviditetsplasseringane, og bankens policy for marknadsrisiko fastset dei overordna retningslinjene, krav og rammer knytt til marknadsrisiko. Styret får kvartalsvise rapportar som synar risiko målt opp mot rammer. Risikoprofilen skal vere moderat.

Når det gjeld ESG-risiko knytt til bankens investering, skal Eika Kapitalforvaltning følgje regelverk for berekraftige investeringar med ein investeringsprofil som har tydelege retningslinjer når det gjelder ansvarlege investeringar.
I 2024 har banken som tidlegare år revidert marknadspolicyen.

Valutarisiko
Valle Sparebank har ikkje valutabehaldning, dermed vurderast bankens valutarisiko som låg.

Operasjonell risiko
Operasjonell risiko er i hovudsak risikoen for tap knytt til den daglege drifta av banken. Svikt i system og rutinar er døme på tapshendingar. Feil kan og oppstå på grunn av manglande kontrollar, kompetansesvikt, menneskeleg svikt og manglande oppfølging av lover og forskrifter. Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til informasjons- og kommunikasjonsteknologi, kvitvasking og terrorfinansiering samt kompetanse og nøkkelpersonrisiko.

For å ivareta den operasjonelle risikoen nytter banken aktivt infrastruktur som gjerast tilgjengeleg via Eika Alliansen. Dette gjeld både tenester, produkt, banksystem/IKT og malverk. Eika Virksomhetsstyring sine tilrettelagte modellar og malar sikrar eit oppdatert og hensiktsmessig rutineverk, som banken tilpassar eigen størrelse og kompleksitet. Banken har avtale med Eika Rapportering og Kompetanse (ERK) som reduserer risikoen på området rekneskap og rapportering.

Operasjonell risiko, inkludert rapportering av potensielle tapshendingar, vert rapport kvartalsvis til styret.

Internkontrollen i banken er ein viktig for å kartleggje og forbetre dette risikoområdet. Styret har årleg gjennomgang av internkontrollen, og denne vert stadfesta av ekstern revisor.

Den operasjonelle risikoen vert vurdert som moderat.

ORGANISASJON OG PERSONALE
Banken har ved utgangen av året 20 tilsette, totalt 15,7 årsverk.

Valle Sparebank fekk sommaren 2024 ny administrerande banksjef, Elisabeth Slettedal. Valle Sparebank fekk også ny risiko- og complianceansvarleg hausten 2024.

Styret har fokus på at banken skal ha eit godt arbeidsmiljø, og at det skal vere ein attraktiv arbeidsplass. God intern informasjon og kommunikasjon vert vektlagd. Resultata frå årlege medarbeidarundersøkingar vert nytta til å forbetre arbeidsmiljøet. Medarbeiderundersøkelsen i 2024 viser høg trivsel blant dei tilsette.

Valle Sparebank har teikna avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Banken har gode pensjons-, liv- og helseforsikringsordninger. Dei fysiske arbeidsforholda vert betrakta som gode når det gjeld utstyr og arbeidsplassar, men og moglegheita for heimekontor. Det totale sjukefråværet i rekneskapsåret utgjer totalt 6,5 % av total arbeidstid. Det har ikkje vore personskadar blant tilsette, eller materielle skadar i banken.

Likestilling og mangfald er viktig for Valle Sparebank. Bankens tilsette og tillitsvalte skal som hovudregel spegle lokalsamfunnet når det kjem til kjønn og mangfald. Det skal ikkje førekome nokon form for diskriminering eller trakassering i banken.

Av 20 fast tilsette er 5 menn og 15 kvinner. Styret er for tida sett saman av 40 % kvinner og 60 % menn.

Banken si forureining av det ytre miljø vil stort sett vere av indirekte karakter, så som kjøp og bruk av reiser, energi, papir og andre forbruksgjenstandar og avfall og avfallshandtering. Styret ser på dette som minimal forureining av det ytre miljø. Banken fører ikkje eige klimarekneskap, og har heller inga miljøsertifisering.

Banken har ikkje pålegg frå offentlege styresmakter som ikkje er fylgde opp.

Det er teikna forsikring for styrets medlemar og bankens leiing for deira ansvar overfor føretaket og tredjepartar.

BEREKRAFT OG SAMFUNNSANSVAR
Verda står i dag overfor store klima-, miljø- og sosiale utfordringar. Sjølv om utfordringane er globale, krev dei også lokale løysingar. Berekraft og samfunnsansvar blir stadig viktigare både i Noreg og i vårt lokalsamfunn. Som ein lokal sparebank kan Valle Sparebank bidra til berekraftig lokal vekst og verdiskaping for bankens kundar og vårt lokalsamfunn.

Finansnæringa har eit særleg ansvar for å sikre at verdiskapinga og lønsemda ikkje går på kostnad av menneska rundt oss, klimaet og miljøet eller er i strid med grunnleggande etiske prinsipp.

Berekraft er ein naturleg del av lokalbankens identitet og strategiske fundament. Vi ser at framtida vil krevje meir av oss alle.

Ein viktig del av lokalbankens samfunnsoppdrag er å bidra til vekst og utvikling av lokalsamfunnet. Gjennom vår historie, nærvær og verksemd har Valle Sparebank bygd opp erfaring, innsikt og kompetanse. Vi bidreg til lokalt berekraftig næringsliv med trygge arbeidsplassar, nærleik til kundane, og med støtte til allmennyttige føremål.

Bankens samfunnsansvar er blant anna forankra i bankens slagord; Allstøtt med deg.

Valle Sparebank legg til grunn ei sosial ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvaret er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, antikvitvask, helse, miljø og sikkerheit.

Banken har vedtekne retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar, retningslinjer for vurdering av berekraft- og klimarisiko i kredittsaker, og har grøne produkt i produktspekteret.

Openheitslova trådde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremme verksemdas respekt for grunnleggande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold, og sikre ålmenn tilgong til informasjonen. Banken utarbeida ein openheitsrapport som vart tilgjengeleg på bankens heimeside 30. juni 2023.
(https://www.valle-sparebank.no/berekraft)

Som ein del av finansnæringa sitt samfunnsoppdrag jobbar Valle Sparebank for å avdekke og kjempe mot økonomisk kriminalitet. Dette arbeidet gjer banken på bakgrunn av risikovurderingar og oppfølging av antikvitvaskområdet, mistenkelege transaksjonar og moglege svindelsaker. Saker som er mistenkelege blir rapportert til Økokrim

LOKALT SAMFUNNSANSVAR
Valle Sparebank skal vere ein positiv aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. Styret meiner det er viktig å stø små og store tiltak som kan vere med på å utvikle lokalsamfunnet. Ein viktig del av lokalbankens samfunnsoppdrag er å bidra til vekst og utvikling av lokalsamfunnet.

Gjennom vår historie, nærvær og verksemd har Valle Sparebank bygd opp erfaring, innsikt og kompetanse. Vi bidreg til lokalt berekraftig næringsliv med trygge arbeidsplassar, nærleik til kundane og med støtte til allmennyttige føremål. Bankens samfunnsansvar er blant anna forankra i bankens slagord; Allstøtt med deg.

Valle Sparebank skal vere ein positiv aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. Styret meiner det er viktig å stø små og store tiltak som kan vere med på å utvikle lokalsamfunnet.

Gjennom den årlege gåveutdelinga stør banken friviljug arbeid, lag og organisasjonar. I 2024 vart det delt ut i alt 1.575.500 kr mot 1.109.000 kr året før.

Valle Sparebank er ein viktig bidragsytar til lag og foreiningar i vårt marknadsområde. Banken har teikna sponsoravtalar med fleire aktørar som bidreg til aktivitet og utvikling i Valle og Bykle. I tillegg kjem individuelle sponsoravtalar med unge og lovande utøvarar frå distriktet.

Valle Sparebank har sekretariatsfunksjonen i Valle Næringslag. Laget har til føremål å fremje næringsutvikling i kommunen. Alle private næringsdrivande kan vere medlemer, og oppslutninga om laget har vore god. Likeins er banken medlem i sentrumsforeininga i Valle.

Dei siste åra har administrerande banksjef også vore deltakar i arbeidsgruppa Brokke 2025 der utbyggingsaktørar, representantar for hytteeigarar og kommune er med. Føremålet er å styrkje utviklinga i Brokke.

Framtidsutsikter
Valle Sparebank har ein sterk posisjon i Valle kommune og Øvre Setesdal, og med satsinga i Kristiansand og Vennesla har banken gode moglegheiter for framleis vekst. Banken ønskjer å vere til stades som ein god samarbeidspartnar for eksisterande og nye kundar. Med personleg service og gode digitale tenester, skal vi gjere vårt ytterste for å oppretthalde høg kundetilfredsheit og konkurransedyktige vilkår i banken.

Valle Sparebank skal også ivareta sin strategi om å støtte lokalsamfunnet med gåver og sponsorstøtte til allmennyttige føremål.

Utsiktene for 2025 blir rekna som lyse.

Etter fleire år med auka rentenivå og generelt auka kostnader, opplevast det no ein optimisme i marknaden, og Noregs Bank beskriver i sin pengepolitiske rapport at det er venta at styringsrenta skal falle i løpet av året. Det er likevel usikkerheit knytt til konsumprisindeksen og utviklinga av kronekursen, så banken må ta høgde for ulike scenario i tida som kjem.

Bankens organisering og bemanning blir vurdert fortløpande. Dette er både med omsyn til konkurransen i marknaden, samt generasjonsskifte blant dei tilsette. I tillegg vil auka regulatoriske krav føre til vurdering av behov for auka bemanning. Banken må blant anna sikre seg kompetanse både innan antihvitvask, IKT, berekraft og generelt godt rådgjevararbeid. Riktig rekruttering av medarbeidarar og styremedlemar er avgjerande for å sikre grunnlag for at vi også framover kan spele ei viktig rolle i bankmarknaden, og i mange år framover vere ein sjølvstendig lokalbank i Valle.



Administrerande banksjef Elisabeth Slettedal

TAKK

Styret takkar alle kundar og samarbeidspartnarar for tilliten og oppslutninga i året som har vore. Styret rettar også ein stor takk til alle medarbeidarane og tillitsvalde i banken for eit særs godt samarbeid og stor arbeidsinnsats i 2024.

Valle, 11. mars 2025

VALLE SPAREBANK

Anne Gjerden
Styreleiar

Knut Inge Hovet
Nestleiar

Kent M. Lund
Styremedlem

Elisabeth B. Spockeli
Styremedlem

Tor Arild Rysstad
Styremedlem, tilsettes representant

Elisabeth Slettedal
Adm. banksjef

Rekneskap 2024
159. forretningsår

Resultatrekneskap

Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	**2024**	**2023**
Renteinntekter frå eigedelar vurdert til amortisert kost		114.850	93.779
Renteinntekter frå andre eigedelar		12.211	9.478
Rentekostnader og lignende kostnader		68.591	51.194
Netto renteinntekter	18	**58.471**	**52.063**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		13.837	11.637
Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester		1.781	1.452
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		2.160	2.825
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.047	1.045
Andre driftsinntekter		193	169
Netto andre driftsinntekter	20	**15.455**	**14.225**
Løn og andre personalkostnadar	21	18.717	16.441
Andre driftskostnadar	22	18.630	18.762
Avskrivningar og nedskrivingar på varige og immaterielle eigedelar	30	1.054	566
Sum driftskostnadar før kredittap		**38.401**	**35.769**
Kredittap på utlån, garantiar mv. og renteberande verdipapir	11	183	19
Resultat før skatt		**35.341**	**30.500**
Skattekostnad	23	8.629	7.046
Resultat av ordinær drift etter skatt		**26.712**	**23.454**
Andre inntekter og kostnadar - Tal i tusen kroner			
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar	25	-2.703	3.785
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		**-2.703**	**3.785**
Sum andre inntekter og kostnadar		**-2.703**	**3.785**
Totalresultat		**24.009**	**27.239**

Balanse - Eigedelar

Tal i tusen kroner	Note	2024	2023
Kontantar og kontantekvivalentar	24-25	25.401	23.448
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	24-25	93.444	88.995
Utlån til og fordringar på kundar	6-11, 24-25	1.858.594	1.853.150
Renteberande verdipapir	26	204.421	197.540
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	27-28	142.931	128.342
Varige driftsmidlar	30	16.504	13.590
Utsett skattefordel	23	29	492
Andre eigedelar	31	2.125	3.188
Sum eigedelar		**2.343.449**	**2.308.745**

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Noter	2024	2023
Innlån frå kredittinstitusjonar	32	105.543	140.952
Innskot og andre innlån frå kundar	33	1.811.615	1.797.386
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	34	85.276	50.166
Anna gjeld	35	5.123	7.002
Betalbar skatt	23	8.954	6.945
Andre avsetningar	6, 10-11	193	1.983
Sum gjeld		**2.016.705**	**2.004.434**
Fond for urealiserte gevinstar		27.716	30.470
Sparebankens fond		292.730	267.966
Gåvefond		6.298	5.874
Sum opptent eigenkapital		**326.745**	**304.311**
Sum eigenkapital		**326.745**	**304.311**
Sum gjeld og eigenkapital		**2.343.449**	**2.308.745**

Valle, 31.12.2024/ 11.03.2025

I styret for Valle Sparebank

Anne Gjerden
Styreleiar

Knut Inge Hovet
Nestleiar

Kent M. Lund
Styremedlem

Elisabeth B Spockeli
Styremedlem

Tor Arild Rysstad
Styremedlem, tilsettes representant

Elisabeth Slettedal
Adm. banksjef

Endringar i eigenkapitalen

	Opptent eigenkapital			
Tal i tusen kroner	Sparebankens fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinstar	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	**267.966**	**5.875**	**30.470**	**304.311**
Resultat av ordinær drift etter skatt	24.712	2.000		26.712
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar	52		-2.754	-2.703
Totalresultat 31.12.2024	**24.764**	**2.000**	**-2.754**	**24.009**
Utbetalt frå gåvefond		-1.576		-1.576
Andre eigenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 31.12.2024	**292.730**	**6.299**	**27.716**	**326.744**
Eigenkapital 31.12.2022	**245.830**	**5.484**	**26.867**	**278.181**
Resultat av ordinær drift etter skatt	21.954	1.500		23.454
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar	182		3.603	3.785
Totalresultat 31.12.2023	**22.136**	**1.500**	**3.603**	**27.239**
Utbetalt fra gåvefond		-1.109		-1.109
Andre eigenkapitaltransaksjonar				0
Eigenkapital 31.12.2023	**267.966**	**5.875**	**30.470**	**304.311**

NØKKELTAL

Nøkkeltal er annualisert der ikkje anna er spesifisert	**2024**	**2023**
Resultat		
Kostnadar i % av totale inntekter	51,95 %	53,96 %
Kostnadar i % av totale inntekter (ekskl. VP)	54,30 %	57,31 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	17,32 %	16,59 %
Innskotsmargin hittil i år	1,62 %	1,26 %
Utlånsmargin hittil i år	1,20 %	0,89 %
Netto rentemargin hittil i år	2,53 %	2,33 %
Eigenkapitalavkastning ord. resultat	8,47 %	8,05 %
Eigenkapitalavkastning*	7,61 %	9,35 %
** Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital*		
Balanse		
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	6,92 %	8,15 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	33,51 %	31,56 %
Innskotsdekning	97,20 %	96,70 %
Innskotsvekst (12mnd)	0,79 %	2,34 %
Utlånsvekst (12 mnd)	0,27 %	3,91 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	3,57 %	2,78 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	2.310.634	2.230.463
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.119.386	3.012.545
Nedskrivingar på utlån og misleghald		
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,01 %	0,001 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,28 %	0,29 %
Soliditet[1]		
Rein kjernekapitaldekning	23,34 %	21,86 %
Kjernekapitaldekning	23,71 %	22,24 %
Kapitaldekning	24,21 %	22,77 %
Uvekta kjernekapitalandel	9,60 %	9,09 %
[1] *Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper*		
Likviditet		
LCR	223	283
NSFR	146	143

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - DIREKTE METODE

Tal i tusen kroner	Note	**2024**	**2023**
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar			
Netto utbetaling av lån til kundar		-4.947	-69.554
Renteinnbetalingar på utlån til kundar		110.990	90.821
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar		14.229	41.012
Renteutbetalingar på innskot frå kundar		-55.496	-41.469
Renter på utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		2.985	2.158
Kjøp og sal av sertifikat og obligasjoner		-6.520	-18.384
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjoner		10.891	8.944
Netto provisjonsinnbetalingar		12.055	10.186
Utbetalingar til drift		-40.263	-39.925
Betalt skatt		-7.023	-4.641
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		**36.900**	**-20.852**
Kontantstraumm frå investeringsaktivitetar			
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar		0	1.903
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar		-3.967	-621
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir		999	720
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir		-16.378	-3.431
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar		2.160	2.825
B Netto kontantstraum fra investeringsaktivitet		**-17.187**	**1.396**
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar			
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld		35.000	0
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld		0	0
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir		-3.507	-2.577
Innbetaling ved lån frå kredittinstitusjonar		35.000	35.000
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjonar		-70.000	0
Renteutbetalingar på lån frå kredittinstitusjonar		-8.231	-5.438
Utbetalingar frå gåvefond		-1.575	-1.109
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet		**-13.312**	**25.877**
A + B + C Netto endring likvider i perioden		**6.402**	**6.421**
Likviditetsbeholdning 1.1		112.443	106.022
Likviditetsbeholdning 31.12		**118.845**	**112.443**
Likvidetsbeholdning spesifisert:			
Kontantar og kontantekvilvalentar		25.401	23.448
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		93.444	88.995
Likviditetsbeholdning		**118.844**	**112.443**

Desse styrer banken

Kundevalde medlemmer i generalforsamlinga
Tor Espen Helle, Bjarte Løyland, Monique V.Jore, Egil Åmlid, Torhill Bjørgum Åkre, Tarald Helle, Ånund Viki, Hilde Marie Straume

Kommunevalde medlemmer til generalforsamlinga
Knut Hagen, Kristin Nomeland, Georg Sørmo, Frøydis Henriksen Junge, Lill-Grethe Tveiten Homme, Hildeborg Homme, Gunvor Edel Åkre, Steinar Nomeland

Valde av dei tilsette
Erling Sagneskar, Tor Arild Rysstad

Styret
Anne Gjerden- styreleiar
Knut Inge Hovet- nestleiar
Kent M.Lund, Elisabeth B. Spockeli, Tor Arild Rysstad

Revisjon
RSM v/Stian Skedsmo

Personalet
Anette U. Viki - Løn
Anne-Gunn Homme - Økonomileiar
Bjørg Åkre – Depotansvarleg
Elisabeth Slettedal- Administrerande banksjef
Erling Sagneskar - Aut. finansiell rådgjevar
Frode J. Buen - Rådgjevar næring og kredittansvarleg
Ingunn Åkre Uppstad – Teamleiar daglegbank
Karen Marie Rike Lund – Rådgjevar daglegbank
Kari Brottveit Rysstad - Aut. finansiell rådgjevar
Kristin Langeid- Risiko-og complianceansvarleg
Kåre Rike - It- og driftsansvarleg
Lisbet V. Homme- Rådgjevar daglegbank
Liv Gunn Viki – Reinhald
Margit Homme – Rådgjevar daglegbank
Marianne Beckmann Øie- Rådgjevar daglegbank
Monica Mjåland Thortveit- Aut. finansiell rådgjevar
Renate Aarli Alanen- Administrasjon
Torleiv Hovet - Aut. finansiell rådgjevar og avd. banksjef
Tor Arild Rysstad - Aut. finansiell rådgjevar




REKKJE

NOTER

Note 1 - Rekneskapsprinsipper
Note 2 - Anvendelse av estimat og skjønnsmessige vurderingar
Note 3 - Risikostyring
Note 4 - Kapitalstyring og kapitaldekning
Note 5 - Kredittrisiko
Note 6 - Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet
Note 7 - Fordeling av utlån
Note 8 - Kredittforringa lån
Note 9 - Forfalne kredittforringa lån
Note 10 - Eksponering på utlån
Note 11 - Nedskrivinger og tap
Note 12 - Store engasjement
Note 13 - Sensitivitet
Note 14 - Likviditetsrisiko
Note 15 - Valutarisiko
Note 16 - Kursrisiko
Note 17 - Renterisiko
Note 18 - Netto renteinntekter
Note 19 - Segmentinformasjon
Note 20 - Andre inntekter
Note 21 - Løn og andre personalkostnadar
Note 22 - Andre driftskostnadar
Note 24 - Skatter
Note 25 - Kategoriar av finansielle instrument
Note 26 - Verkeleg verdi finansielle instrument
Note 27 - Sertifikat og obligasjonar
Note 28 - Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultat
Note 29 - Aksjar og eigenkapitalbevis til verkeleg verdi over utvida resultat
Note 30 - Finansielle derivat
Note 31 - Varige driftsmidlar
Note 32 - Andre eigedelar
Note 33 - Innlån frå Kredittinstutisjonar
Note 34 - Innskot frå kundar
Note 35 - Verdipapirgjeld
Note 36 - Anna gjeld og pensjon
Note 37- Garantiar
Note 38- Hendingar etter balansedagen
Note 39- Leigeavtalar

NOTE 1 - Rekneskapsprinsipper

GENERELL INFORMASJON
Valle Sparebank er ein sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har salskontor i Kristiansand og Vennesla.
Valle Sparebank tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden i Noreg.
Styret i banken vedtok årsrekneskapen for 2024 den 11. mars 2025.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN
Banken legg fram rekneskap i samsvar med Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak («årsrekneskapsforskrifta»). Banken har valt å utarbeide rekneskapen etter årsrekneskapsforskrifta § 1-4, 2. ledd b) som inneber at rekneskapen blir utarbeidd i samsvar med IFRS® med mindre anna følgjer av forskrifta.

I samsvar med årsrekneskapsforskrifta har selskapet valt å rekneskapsføre utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap i samsvar med rekneskapslova sine føresegner.

Rekneskapen er presentert i norske kroner, som er banken sin funksjonelle valuta. Alle tal er viste i heile tusen, med mindre anna er spesifikt oppgitt.

NYE STANDARDAR OG TOLKINGAR SOM ER TEKNE I BRUK FRÅ OG MED REKNESKAPSÅRET 2024
Det er ingen nye standardar eller tolkingar som er tekne i bruk frå og med rekneskapsåret 2024 som har hatt ein vesentleg påverknad på banken sitt årsrekneskap.

Det er heller ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-tolkingar som ikkje er trådde i kraft som er venta å ha ein vesentleg påverknad på banken sitt rekneskap for komande periodar.

SAMANDRAG AV VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP

INNTEKTSFØRING
Renteinntekter og rentekostnader knytt til eigedelar og forpliktingar som blir målt til amortisert kost, blir innrekna i resultatrekneskapen ved bruk av effektiv rentes metode. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Metoden inneber løpande inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Dersom eit utlån er nedskrive som følgje av verdifall (inngår i steg 3), blir renteinntekter innrekna som effektiv rente, berekna på nedskrivne forventa kontantstraumar. Gebyr knytt til renteberande instrument inngår i berekninga av effektiv rente og blir resultatført tilsvarande.

Renteinntekter på renteberande finansielle instrument som blir målt til verkeleg verdi over ordinært resultat blir også målt til effektiv rente og klassifisert som renteinntekt. Realiserte gevinstar/tap samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, blir medrekna i resultatrekneskapen under «Netto gevinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår.

Gebyr og provisjonar blir resultatførte etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost og blir resultatført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester.

Leigeinntekter blir inntektsførte løpande etter kvart som dei blir opptente.

Utbytte frå investeringar blir resultatført på tidspunktet utbyttet er vedteke på generalforsamlinga.

FINANSIELLE INSTRUMENT - KLASSIFISERING
Klassifisering av finansielle instrument blir gjort på grunnlag av føremålet med anskaffinga og instrumentet sine karakteristika.

Finansielle eigedelar blir klassifiserte som:
• Finansielle instrument vurdert til amortisert kost (AC)
• Finansielle instrument vurdert til verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat (FVTPL)
• Finansielle instrument over utvida resultat (FVOCI)

Finansielle forpliktingar blir klassifiserte som:
• Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
• Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

Derivat og investeringar i eigenkapitalinstrument
Banken sin likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen (FVTPL). Eigenkapitalinstrument som er definerte som strategiske investeringar er klassifiserte til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI).

Banken held ingen derivatposisjonar for balansedagane som er inkluderte i denne rekneskapen.

Finansielle eigedelar som er gjeldsinstrument
For ordinære gjeldsinstrument blir målekategorien bestemt etter føremålet med investeringa. Gjeldsinstrument som inngår i ein portefølje med føremål å motta kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, skal målast til amortisert kost.

Gjeldsinstrument som inngår i ein portefølje med føremål om å både motta kontantstraumar og foreta sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat (FVOCI), med renteinntekt, valutaomrekningseffektar og nedskrivingar presentert over ordinært resultat.

Instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat (FVOCI) kan utpeikast til måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentleg reduserer eit rekneskapsmessig misforhold (Fair Value Option/FVO). Renteinstrument i øvrige forretningsmodellar skal målast til verkeleg verdi over resultat.

Ingen instrument som i utgangspunktet skal målast til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat (FVOCI) er utpeikte til måling til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet (Fair Value Option/FVO).

Val av forretningsmodell
Banken har på visse vilkår anledning til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt AS, men dette blir gjort berre unntaksvis og berre til mindre verdiar. Utlån til og fordring på kundar, til både Privatmarknaden (PM) og Bedriftsmarknaden (BM), inngår følgjeleg i ein portefølje som blir halden med føremål å berre motta kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, og blir målt til amortisert kost (AC).

Utlån med fastrente der banken har som føremål å motta kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, er sikra med derivat for å matche finansieringa til flytande rente. Banken nyttar derfor opsjonen til å klassifisere desse utlåna til verkeleg verdi med verdiendring over resultat for å unngå eit rekneskapsmessig misforhold på desse utlåna.

Innlån og andre finansielle forpliktingar
Finansielle forpliktingar blir målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassane innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

FINANSIELLE INSTRUMENT – MÅLING
Første gangs innrekning
Finansielle eigedelar og forpliktingar blir innrekna når banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige vilkår. Alle finansielle instrument blir målt til verkeleg verdi på handelsdagen ved første gangs innrekning. Transaksjonskostnader som er direkte henførbare til etableringa av eigedelen/forpliktinga blir medrekna i kostprisen for alle finansielle instrument som ikkje er klassifiserte til verkeleg verdi med verdiendringar over ordinært resultat.

Etterfølgjande måling - måling til verkeleg verdi
For alle finansielle instrument som blir omsette i ein aktiv marknad, blir den noterte prisen innhenta anten frå ein børs, meklar eller eit prissettingsbyrå. For finansielle instrument som ikkje blir omsette i ein aktiv marknad, blir den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg utførte marknadstransaksjonar på armlengdes avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, henvisning til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk talt er det same, diskontert kontantstraumsberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengelege for variablar som inngår i verdsettingsmodellar, blir desse nytta.

Alle endringar i verkeleg verdi blir innrekna direkte i resultatrekneskapen med mindre eigedelen er klassifisert som finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat (FVOCI).

Banken har vurdert verkeleg verdi av utlån med flytande rente til å samsvare med nominelt pålydande, justert med tilhøyrande forventa kredittap på lånet (ECL). Dette blir grunngjeve med at slike lån blir reprisa tilnærma kontinuerleg, og at eit eventuelt avvik frå nominell verdi i ein armlengdes transaksjon mellom informerte og viljuge partar blir vurdert som uvesentleg.

Etterfølgjande måling – måling til amortisert kost
Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene/kostnadene blir berekna ved bruk av instrumentet si effektive rente. Amortisert kost blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalte av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta med frådrag for avsetning for forventa tap.

Etterfølgjande måling – måling av finansielle garantiar
Utstedte finansielle garantiar blir vurderte til verkeleg verdi, som ved første gangs rekneskapsføring blir ansett å vere mottatt vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling blir utstedte finansielle garantiar vurderte til det høgaste beløpet av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap berekna etter reglane for nedskriving av finansielle eigedelar.

NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGEDELAR
Modellen for nedskrivingar av finansielle eigedelar omfattar finansielle eigedelar som blir målt til amortisert kost.

Eit finansielt instrument som ikkje er kreditforringa vil ved førstegongs balanseføring få ei avsetning for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap, og blir klassifisert i steg 1. 12-månadars forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghald som inntreff dei første 12 månadane. Dersom kredittrisikoen, vurdert som sannsynet for misleghald over gjenverande levetid for ein eigendel eller gruppe av eigedelar, er ansett å ha auka vesentleg sidan første gangs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over heile den forventa levetida til eigedelen, og eigedelen skal reklassifiserast til steg 2. For utlån klassifisert i høvesvis steg 1 og 2 blir renta berekna basert på brutto balanseført verdi og avsetninga for tap er normalt modellbasert. Dersom det oppstår ei kredittforringing, skal instrumentet flyttast til steg 3 og tapsavsetningane blir normalt sett på individuell basis. For ytterlegare beskriving av nedskrivingsmodellen blir det vist til note 5.

Konstatert tap
Tap blir ansett som konstatert ved stadfesta akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, eller for øvrig ved at banken har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, eller at engasjementet blir vurdert som tapt av banken. Banken fråreknar engasjementet i balansen når det blir konstatert tapt. Konstaterte tap som er dekte ved tidlegare utførte avsetningar blir ført mot avsetningane. Konstaterte tap utan dekning i avsetningane samt over- eller underdekning i forhold til tidlegare avsetningar blir resultatførte. Sjå note 11 for ytterlegare informasjon knytt til totalt utestående beløp som er konstatert/fråreka i balansen.

FINANSIELLE INSTRUMENT – FRÅREKNING OG MODIFISERING
Finansielle eigedelar blir fråreka når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigendelane

utløper, eller når føretaket overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigendelen blir overførte. Finansielle forpliktingar blir fråreknа på det tidspunktet rettane til dei kontraktsmessige vilkåra er innfridde, kansellerte eller utløpte.
Dersom det blir gjort modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eigendel eller forplikting, blir instrumentet behandla som ein ny finansiell eigendel dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellige frå dei gamle vilkåra. Dersom vilkåra er vesentleg forskjellige, blir den gamle finansielle eigendelen eller forpliktinga fråreknа, og ein ny finansiell eigendel eller forplikting blir innrekna. Generelt blir eit utlån vurdert som ein ny finansiell eigendel dersom det blir utstedt ny lånedokumentasjon, samtidig som det blir gjort ny kredittprosess med fastsetjing av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje blir vurdert å vere vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, blir instrumentet rekneskapsmessig rekna som ei vidareføring av det eksisterande instrumentet. Ved ei modifisering som blir rekneskapsført som ei vidareføring av eksisterande instrument, blir dei nye kontantstraumane diskonterte med instrumentet sin opprinnelege effektive rente, og eventuell forskjell mot eksisterande balanseført beløp blir resultatført over ordinært resultat.

OVERTAKING AV EIGEDELAR
Eigedelar som blir overtekne i samband med oppfølging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, blir verdsette ved overtakinga til verkeleg verdi. Slike eigedelar blir klassifiserte i balansen etter sin art. Etterfølgjande verdivurdering og klassifisering av resultateffektar følgjer prinsippa for den aktuelle eigendelen.

SIKRINGSBOKFØRING
Valle Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring, og inngår i liten grad i derivatposisjonar for å sikre økonomisk eksponering mot rente- og valutarisiko.

MOTREKNING
Finansielle eigedelar og finansielle forpliktingar blir motrekna og presenterte berre når banken har ein juridisk handhevbar rett til å motrekne, og når banken har til hensikt å gjere opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader blir ikkje motrekna med mindre det blir kravd eller tillate i samsvar med IFRS.

VALUTA
Transaksjonar i utanlandsk valuta blir omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til norske kroner ved å nytte kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar blir resultatførte løpande i rekneskapsperioden. Rekneskapen blir presentert i norske kroner, som er banken sin funksjonelle valuta.

ØVRIGE FORPLIKTINGAR
Avsetning til forpliktingar blir gjort når banken har ei forplikting basert på ei tidlegare hending, det er sannsynleg at forpliktinga vil bli oppgjort finansielt, og forpliktinga kan estimerast påliteleg.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN
Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen blir tatt omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke stillinga i framtida, blir opplyst om dersom dette er vesentleg.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i kontantstraumar frå operasjonelle, investerings- og finansieringsaktivitetar etter direkte metode. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definerte som alle inn- og utbetalingar knytt til utlåns- og innskotsverksemd mot kundar, inn- og utbetalingar frå kortsiktige verdipapir, samt utbetalingar genererte frå omkostningar knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definerte som kontantstraumar frå langsiktige verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmiddel og eigedomar. Kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av ansvarlege lån og obligasjonsgjeld og eigenkapital er definerte som finansieringsaktivitetar. Likvider omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank.

NOTE 2 - Anvendelse av estimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev at leiinga i nokre tilfelle må ta føresetnader og bruke estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimat og skjønnsmessige vurderingar blir evaluerte løpande, og er baserte på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som blir rekna som sannsynlege på balansedagen. Det er knytt usikkerheit til dei føresetnadene og forventningane som ligg til grunn for brukte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Faktiske framtidige utfall kan avvike frå estimata og føresetnadene.

NEDSKRIVING PÅ UTLÅN OG GARANTIAR
For individuelt vurderte utlån og for grupper av utlån som er identifiserte som usikre, blir det gjort ei berekning for å fastslå ein verdi på utlånet eller på grupper av utlån. Store og spesielt risikable, samt kredittforringa engasjement blir gjennomgått kvartalsvis. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne og seinast etter 90 dagar, eller dersom dei har ein særs dårleg betalingshistorikk. Beregninga føreset at det blir brukt storleikar som er baserte på vurderingar, og desse påverkar godheita i den berekna verdien.

Steg 3 nedskrivingar (individuelle nedskrivingar)
Dersom det finst objektive bevis på at ei kredittforringing har skjedd for utlån vurdert til amortisert kost, blir tapet berekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med utlånet sin opprinnelege effektive rentesats. Estimering av framtidig kontantstraum blir gjort på grunnlag av erfaringsdata og skjønn relatert til sannsynlege utfall for blant anna marknadsutvikling og konkrete forhold for det enkelte engasjement, inkludert erfaringsdata for låntakar sin evne til å handtere ein pressa økonomisk situasjon. Ved verdivurderinga av nedskriving på utlån er det usikkerheit ved identifiseringa av utlån som skal nedskrivast, estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar, samt verdivurdering av sikkerheiter.

Steg 1 og 2 nedskrivingar (statistiske nedskrivingar)

Engasjement som ikkje er individuelt nedskrivne, inngår i berekninga av statistiske nedskrivingar på utlån og garantiar. Nedskriving blir berekna på grunnlag av utviklinga i kundanes risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene (PD og LGD), samt forventa konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold). Sjå ytterlegare beskrivingar i avsnittet Nedskrivingsmodell i banken i note 5. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, inkludert misleghaldssannsyn, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. På grunn av betydeleg estimatusikkerheit er det krav om å vise sensitivitetsanalysar gitt endring i ulike parameter, og dette går fram av note 13.

VERKELEG VERDI FOR FINANSIELLE EIGEDELAR
Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er noterte i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettelsesteknikkar, og slike verdsetjingar vil vere behefta med usikkerheit. Verdsettelsesteknikkar (for eksempel modellar) som er brukte for å bestemme verkeleg verdi blir vurderte periodisk opp mot utviklinga i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogleg blir observerbare data brukte, men på område som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må det brukast estimat. Endring i føresetnadene om desse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument. Sjå note 25 for sensitivitetsberekningar.

Note 3 – Risikostyring

RISIKOSTYRING
Bankens forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekke finansielle risikoar. Bankens målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimere potensielle negative verknader på bankens finansielle resultat. Bankens finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake etterleving gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknader blir reflekterte i risikorammene.

Ansvaret for bankens risikostyring og kontroll er delt mellom bankens styre og leiinga. Styret vedtar bankens mål og rammestruktur innanfor alle risikoområde, inkludert retningslinjer for styring av risiko.

Administrerande banksjef har ansvaret for bankens samla risikostyring. Alle avgjerder knytt til risiko og risikostyring blir normalt fatta av administrerande banksjef i samråd med øvrige medlemmer i bankens leiing. Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtatte risikoprofil.

RISIKOKATEGORIAR
Hovudrisikokategoriane for banken er:

Kredittrisiko
Banken tar kredittrisiko, som er risikoen for at motparten vil påføre banken eit tap ved ikkje å gjere opp bankens tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til utestående lån og gjeldspapir. Det er også kredittrisiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsagn, ubrukte kredittar og garantiar.

Sjå note 5-13 for vurdering av kredittrisiko.

Marknadsrisiko
Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument vil endre seg på grunn av endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta- og aksjeprodukt som er eksponerte mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten til prisar som rentesatsar, kredittspreader, valutakursar og aksjeprisar. Styring av marknadsrisiko tar utgangspunkt i styrevedtatt policy for marknadsrisiko der det er sett rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar. Risikoeksponering og -utvikling blir overvaka løpande og rapportert periodisk til styre, leiing og myndigheiter via IRRBB – rapportering.

Sjå note 24-28 for vurdering av marknadsrisiko.

Likviditetsrisiko
Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine forpliktingar ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møte sine likviditetsforpliktingar utan at kostnaden aukar vesentleg. I dette inngår også risikoen for at banken ikkje er i stand til å finansiere utlånsvekst. Likviditetsstyringa tar utgangspunkt i bankens overordna likviditetspolicy vedtatt av styret. Likviditetspolicyen blir gjennomgått minimum årleg. Bankens rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko speglar bankens risikoprofil. Bankens innskot består primært av innskot frå heilkundar i bankens marknadsområde.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

Operasjonell risiko
Risikoen for tap som skuldast svakheiter eller feil i prosessar og system, feil gjort av tilsette, eller eksterne hendingar. Styring av operasjonell risiko tar utgangspunkt i bankens policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå, men også innanfor ulike prosessar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Hendingar som har påverka, eller kan påverke bankens lønsemd og/eller omdømme, blir systematisk følgde opp. I tillegg til at det årleg blir gjort ei omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risikoar og kontrolltiltak, gjer leiinga ei løpande vurdering av operasjonelle risikohendingar og set i verk ytterlegare risikoreduserande tiltak ved behov. Det blir løpande rapportert om operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

ESG risiko
Risiko som er relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring inngår i ESG risiko, deriblant også klimarisiko. Klimarisiko omfattar risiko for auka kredittrisiko og finansielle tap for banken som følgje av klimaendringar. Banken føretar årleg gjennomgang av risiko i banken der ESG og klimarisiko inngår. Det er først og fremst relatert til utlån til bedriftsmarknaden at det er identifisert at banken er utsett for klimarisiko. Dette er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til eit lågutsleppssamfunn. Derfor er vurdering av berekraft og klimarisiko integrert i bankens kredittprosess. Då banken er lite eksponert mot blant anna olje- og

gassnæringa, blir næringseigedom, bygg og anlegg samt landbruk rekna som dei sektorane som har høgast iboande klimarisiko i bankens portefølje. Samtidig er det store moglegheiter for positiv påverknad i desse bransjane.

Konsentrasjonsrisiko
Konsentrasjonsrisiko er risikoen for at banken har ei eksponering mot debitorar eller verdipapir med liknande økonomiske eigenskapar, eller frå kundar som er involverte i samanliknbare aktivitetar der desse likskapane kan gjere at dei samtidig får problem med å halde betalingsforpliktingane sine, eller at verdiane svingar i takt slik at dersom ein kunde får problem, vil potensielt mange kundar få problem på grunn av likskapane.

For å vurdere og styre konsentrasjonsrisiko vurderer banken følgjande forhold ved utlånsporteføljen:

- Store enkeltkundar
- Enkelte bransjar (næringsgrupper med spesifikke utfordringar eller sykliske næringar)
- Geografiske område
- Sikkerheit med same risikoeigenskapar (f.eks. avhengig av eigedomsprisar)

Banken brukar same metode som Finanstilsynet for berekning av konsentrasjonsrisiko for individuell- og bransjerisiko. Banken har ein ikkje-ubetydeleg konsentrasjon omkring engasjement til finansiering av eigedomsinvesteringar. Totalt 28 % (39 %) av bankens næringslivsengasjement har tilknyting til eigedomsselskap og eigedomsdrift per 31. desember 2024.

I tillegg vurderer banken konsentrasjonsrisiko knytt til store enkeltengasjement. Banken definerer store engasjement som engasjement som overstig 10 % av bankens ansvarlege kapital.

Sjå note 12 for meir informasjon.

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådrar seg offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som følgje av manglande etterleving av lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikre etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Styret vedtar bankens compliancepolicy som beskriv hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det blir kontinuerleg arbeidd med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Nye reguleringar og nytt regelverk som påverkar drifta skal fortløpande inkluderast i rutinar og retningslinjer.

Aktiviteten på complianceområdet har vore stor i seinare år, særleg knytt til krava innan kvitvasking og GDPR. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikre etterleving, og jobbar aktivt for å opprettholde og vidareutvikle dei tilsette sin kompetanse på området.

Annan risiko
Annan risiko inkluderer strategisk risiko, eigarrisiko og risiko i omgjevnadene. Strategisk risiko er risiko for tap på grunn av at innteninga blir lågare enn forventa, men at dette ikkje er kompensert gjennom lågare kostnader. Strategisk risiko kan oppstå frå endringar i konkurransebiletet, regulatoriske endringar eller ineffektiv posisjonering i forhold til makromiljøet som påverkar drifta til konsernet. Strategisk risiko kan også oppstå dersom ein ikkje evnar å leve opp til målsatte strategiar og/eller ikkje klarer å effektivt gjere grep for å justere avkastning lågare enn målsatt. Eigarrisiko er risiko som oppstår som følgje av å vere eigar i eit selskap, for eksempel gjennom drift eller risiko for at ny kapital må tilførast. Risiko i omgjevnadene vil i hovudsak vere makroøkonomiske risikoar som for eksempel arbeidsløyse og utvikling i konkursfrekvens. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko.



Note 4 – Kapitalstyring og kapitaldekning

Valle Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Per 31. desember 2024 er kravet til bevaringsbuffer 2,5 %, systemrisikobuffer 4,5 % og motsyklisk kapitalbuffer 2,5 %. Kravet om rein kjernekapital er på 4,5 %, slik at samla minstekrav til rein kjernekapital er 14,0 %. I tillegg har Finanstilsynet fastsett eit pilar 2-krav for Valle Sparebank på 1,6 % som må dekkast med minimum 56,25 % rein kjernekapital og minimum 75 % kjernekapital. Regulatorisk minstekrav til rein kjernekapital, inklusive pilar 2-kravet, er dermed 14,9 % på konsolidert nivå.

Bankens mål om rein kjernekapitaldekning på konsolidert nivå er minimum 16,4 % per 31. desember 2024.

Ein sentral del i bankens kapitalstyring er konsernet sin interne vurdering av kapitalbehov (ICAAP – Internal Capital Adequacy Assessment Process). I denne prosessen blir det gjort vurderingar av alle vesentlege risikoar banken er eksponert mot med tilhøyrande vurdering av internt kapitalbehov for dei ulike risikoane. Styret gjennomgår i samband med ICAAP konsernet sine viktigaste risikoområde og intern kontroll. Gjennomgangen har som mål å dokumentere kvaliteten på arbeidet innan dei vesentlegaste risikoområda. Gjennomgangen skal sikre at endringar i risikobildet blir identifiserte slik at nødvendige forbetringstiltak kan setjast i verk. Tilleggsinformasjon om bankens ansvarlege kapital og risikoprofil er offentleggjort på bankens heimesider – pilar 3 dokument.

Samarbeidande gruppe pr 31. desember 2024:
Føretak som deltek i samarbeidande gruppe skal foreta forholdsmessig konsolidering av eigarandelar i finansføretak som samarbeidet omfattar, jf. Finansføretakslova § 17-13 (2) og utfyllande bestemmelser i CRR/CRD-forskrifta § 20(3).
Valle Sparebank deltek i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (0,51 %) og Eika Boligkreditt (0,80 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning. Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandelar i selskap som forholdsmessig blir konsoliderte inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 som samsvarer med unntaksregelen i berekningsforskrifta § 18 bokstav c, som tilsvarar artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ei auke i kapitaldekning på morbanknivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tala. Historikken er ikkje omarbeidd.

Forplikting om tilførsel av kapital i Eika Boligkreditt
I samsvar med ny avtale om kjøp av OMF mellom banken og Eika Boligkreditt AS, har banken påteke seg ei likviditetsforplikting overfor Eika Boligkreditt AS. Per 31. desember 2024 er denne forpliktinga på 178,5 MNOK. I morbanken sin kapitaldekning har bankens netto likviditetsforplikting 50 % konverteringsfaktor som igjen blir vekta som OMF med 10 % risikovekt. I morbanken sitt berekningsgrunnlag for kapitaldekning inngår dermed forpliktinga med 8,2 MNOK. Likviditetsforpliktinga blir eliminert i konsolidert kapitaldekning i og med at den blir dekt av bankens konsoliderte pilar 2-krav.

"Joletonar i mørketid". Konsert Valle Kyrkje

NOTE 4- Kapitalstyring og kapitaldekning

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
Tal i tusen kroner	**2024**	**2023**	**2024**	**2023**
Opptent eigenkapital	292.730	298.437	268.918	305.686
Overkursfond	-	-	45.408	-
Utjamningsfond	-	-	-	-
Fond for urealisert gevinst	-	-	-	-
Anna eigenkapital	27.716	-	27.857	-
Eigenkapitalbevis	-	-	12.135	-
Gåvefond	6.298	5.874	-	-
Sum eigenkapital	**326.745**	**304.311**	**354.319**	**305.686**
Immaterielle eigedelar	-	-	-25.273	-145
Kontantstrømssikring IFRS 9	-	-	3.074	-
Forventa utbetaling av gåver	-850	-	-	-
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-347	-326	-485	-477
Frådrag i rein kjernekapital	-5.068	-71.696	-12.122	-13.829
Rein kjernekapital	**320.480**	**232.288**	**319.512**	**291.234**
Fondsobligasjonar	-	-	5.090	5.168
Frådrag i kjernekapital	-	-	-	-
Sum kjernekapital	**320.480**	**232.288**	**324.602**	**296.402**
Tilleggskapital - ansvarleg lån	-	-	6.855	6.960
Frådrag i tilleggskapitalkapital	-	-	-	-
Netto ansvarleg kapital	**320.480**	**232.288**	**331.457**	**303.362**
Eksponeringskategori (vekta verdi)				
Statar	-	-	-	-
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	11.472	14.395	17.899	23.693
Offentleg eigde føretak	-	-	-	-
Institusjonar	6.161	1.587	13.412	9.565
Føretak	13.228	13.784	13.768	16.401
Massemarknad	-	-	12.516	12.544
Engasjement med pantesikkerheit i eigedom	763.246	752.158	1.047.614	1.023.908
Forfalne engasjement	6.584	7.823	7.342	8.623
Høgrisiko-engasjement	-	6.477	23	6.477
Obligasjonar med føretrinnsrett	17.097	8.142	11.630	14.189
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	17.784	16.957	17.784	16.957
Andelar i verdipapirfond	8.432	6.400	9.797	6.827
Eigenkapitalposisjoner	94.514	30.308	40.837	37.419
Øvrige engasjement	36.282	32.538	41.032	36.185
CVA-tillegg	-	-	-	10.236
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**974.799**	**890.569**	**1.233.653**	**1.223.025**
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	**119.739**	**102.161**	**126.505**	**108.399**
Kapitalkrav med utgangspunkt i faste kostnadar			**8.702**	**1.127**
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**1.094.538**	**992.730**	**1.368.860**	**1.332.551**
Kapitaldekning i %	**29,28 %**	**23,40 %**	**24,21 %**	**22,77 %**
Kjernekapitaldekning	**29,28 %**	**23,40 %**	**23,71 %**	**22,24 %**
Rein kjernekapitaldekning i %	**29,28 %**	**23,40 %**	**23,34 %**	**21,86 %**
Uvekta kjernekapitalandel i %	**12,90 %**	**10,17 %**	**9,60 %**	**9,09 %**

NOTE 5 – Kredittrisiko

Kredittrisiko oppstår i hovedsak i bankens utlånsportefølje, men også knytt til bankens beholdning av obligasjonar og sertifikat. Bankens maksimale eksponering framgår i tabell under:

Maksimal eksponering til kredittrisiko	**2024**	**2023**
Kontantar og kontantekvivalentar	25.401	23.448
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretal	93.444	88.995
Utlån til og fordringar på kundar	1.858.594	1.853.150
Renteberande verdipapir	204.421	197.540
Finansielle derivat	0	0
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	142.931	128.342
Investeringseiendom	7.730	4.998
Varige driftsmiddler	8.774	8.592
Andre eiendeler	2.155	3.679
Sum kredittrisikoeponering balanseposter	**2.343.449**	**2.308.745**
Gartantiskyldnadar	8.471	5.667
Unytta trekkfasilitetar og lånetilsagn	106.211	91.134
Total kredittrisikoeksponering	**2.458.131**	**2.405.546**

Måling av kredittrisiko for utlånsporteføljen
Sannsyn for misleghald blir brukt som mål på kredittkvalitet. Banken nyttar same modell for å estimere misleghaldssannsyn som resten av Eika-bankane. Nedskrivingsmodellen er beskriven i avsnittet under.

Nedskrivingsmodellen bereknar eit misleghaldssannsyn per kunde som blir tilordna ein risikoklasse. Banken deler porteføljen inn i tolv risikoklassar, basert på PD for kvart kredittengasjement, sjå den underliggande tabellen:

Risikoklasse	Sannsynlighet for mislighold fra	Sannsynlighet for mislighold til
1	0,00 %	0,10 %
2	0,10 %	0,25 %
3	0,25 %	0,50 %
4	0,50 %	0,75 %
5	0,75 %	1,25 %
6	1,25 %	2,00 %
7	2,00 %	3,00 %
8	3,00 %	5,00 %
9	0,50 %	8,00 %
10	8,00 %	99,99 %
11 og 12	100 %	100%

Bankens portefølje inndelt etter risikoklassar og steg er presentert i tabellen

NEDSKRIVNINGSMODELL I BANKEN
Forventa kredittap (ECL) i steg 1 og 2 blir berekna som EAD x PD x LGD, neddiskontert med effektiv rente. Eika har utvikla eigne modellar for berekning av sannsyn for misleghald (PD) og tap gitt misleghald (LGD). Banken nyttar seg av Eika si løysing for berekning av eksponering ved misleghald (EAD), vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gangs innrekning og sjølve berekninga av forventa kredittap (ECL).

Definisjon av misleghald
Banken har definert misleghald i samsvar med European Banking Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal nytte misleghaldsdefinisjon i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV-forskrifta. Det følgjer av desse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghaldt dersom minst eitt av følgjande kriterium er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ei relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1 % av kundens samla eksponeringar.
  - For PM-kundar / retail-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner.
  - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner.
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald i samsvar med dei to første kriteria nemnt over.

Definisjonen av misleghald inneber innføring av karensperiode som tilseier at kundane blir kategorisert som misleghaldt ein periode etter at misleghaldet er brakt i orden. Karensperioden er tre månadar etter friskmelding med unntak av engasjement med forbearance-markering der tilhøyrande karensperiode er tolv månadar.

Eksponering ved misleghald (EAD)
EAD for avtalar i steg 1 består av utestående fordring eller forplikting justert for kontantstraumar dei neste 12 månadene, og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventa levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den utestående forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Ubrukte kredittar har EAD lik utestående ubrukt kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventa levetid på ein avtale blir berekna ut frå liknande avtalar sin historiske gjennomsnittlege levetid.
Avtalar som blir modifiserte, blir målt frå opphavleg innvilgingstidspunkt sjølv om avtalen får nye vilkår.

Tap ved misleghald (LGD)
Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankane basert på ulike intervall av sikkerheitsdekning eller belåningsgrad. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar.

Personkundar
- Kundar med sikkerheit i fast eigedom.
- Kundar med anna sikkerheit enn fast eigedom.
- Kundar utan registrert sikkerheit.

Bedriftskundar
- Kundar med sikkerheit.
- Kundar utan sikkerheit.

Verdien av sikkerheiter er teke omsyn til og baserer seg på estimerte realisasjonsverdiar.

Sannsyn for misleghald (PD)
